

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 15.04.2015

Habilitet

Fleire av medlemmane i utvalet stilte spørsmål om habiliteten sin ved handsaming av saka. Fylgjande gjekk frå når spørsmålet om habilitet vart drøfta av utvalet.

Einar Lutro som styreleiar av Hardangerbrua AS

Stein Inge Ryssdal som styremedlem av Vossapakken

Jostein Ljones som styremedlem av Kvammapakken

Atle Kvåle som varamedlem av Hardangerbrua og Kvammapakken

Inger Ulvund som varamedlem av Vossapakken.

Utvalet vedtok samrøystes i at varamedlemmer var habile til å drøfta saka.

Utvalet vedtok samrøystes at medlemmer av styre som kan bli påverka av saka er innhabile.

Atle Kvåle sette på vegne av A, SP, FRP, H, V fram forslag til ny innstilling.

1. Fylkesutvalet stiller seg bak målsetjinga i Statens vegvesen si «Utredning om forbindelse mellom Østlandet og Vestlandet» om å prioritera nasjonale hovudvegsamband mellom landsdelane. Fylkesutvalet understrekar at E39 Stavanger - Bergen, E16 Voss – Bergen og Bergensbanen (Voss – Bergen og Ringeriksbanen) må ha første prioritet i høve til utbygging av vegsambanda aust/vest over fjella.
2. Ut frå landsdelsbehova må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vegsamband aust-vest.
3. Fylkesutvalet meiner at E134 Haukeli må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Med utbygging av ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen, vil E134 Haugesund - Sandvika bli ein tenleg veg for heile området mellom Stavanger og Bergen. På sikt må det byggast ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store regionale effektar i fylket.
4. Når det er aktuelt å gjennomføra ein KVU for aktuelle trasear for E134 Jøsandal – Bergen, må samtlege moglege diagonaltraséar vurderast.

Pål Kårbø sette fram forslag til nytt pkt 2.

Ut frå landsdelsbehova, gjeve ei allereie satsing på E16 Filefjellet, må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vegsamband aust-vest.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster.

Atle Kvåle sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (Pål Kårbø).

Pål Kårbø sitt forslag til innstilling i pkt 2 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg bak målsetjinga i Statens vegvesen si «Utredning om forbindelse mellom Østlandet og Vestlandet» om å prioritera nasjonale hovudvegsamband mellom landsdelane. Fylkesutvalet understrekar at E39 Stavanger - Bergen, E16 Voss – Bergen og Bergensbanen (Voss – Bergen og Ringeriksbanen) må ha første prioritet i høve til utbygging av vegsambanda aust/vest over fjella.
2. Ut frå landsdelsbehova må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vegsamband aust-vest.
3. Fylkesutvalet meiner at E134 Haukeli må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Med utbygging av ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen, vil E134 Haugesund - Sandvika bli ein tenleg veg for heile området mellom Stavanger og Bergen. På sikt må

det byggast ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store regionale effektar i fylket.

4. Når det er aktuelt å gjennomføra ein KVVU for aktuelle trasear for E134 Jøsendal – Bergen, må samtlige moglege diagonaltrasear vurderast.